


SOGN OG FJORDANE TEATER

INVASJON!



SoFt

Sogn og Fjordane Teater

INVASJON!

Kven og kva er Abulkasem? Kva tyder dette mystiske ordet? For nokre vener på ungdomskulen blir det til ein magisk formel som kan møte kva utfordring som helst. Eit adjektiv som skildrar det utenkjelege. Ein identitet som kan skjule kva som helst. Snart tar det av. Abulkasem er over alt. Han vert sjølve symbolet på det uangripelege, ukjente. Han kan klandrast for kva som helst. Hvis han berre kunne fangast og blitt stilt til ansvar for det. Mytene spinn og kjerna av sanning vert meir og meir utviska.

Khemiri sin karusell av ein teatertekst set kampen mellom tillit og fordømming i sving, og stiller betimelege spørsmål om fryktretorikk og framandskepsis i eit multikulturelt samfunn. Hans leikande stil der språk og identitet er i konstant rørsle, har vakt merksem og engasjement hos eit breitt teaterpublikum i inn og utland.

Regissør Frode Gjerløw vil ta fatt på Khemiri si fortelling med hovudet og hjartet som kompass. Saman med skodespelarane vil han leite etter individua som hamnar mellom barken og veden i eit svart-kvitt samfunn. Han spør; kor langt skal vi gå i den vestlege verda før vi ser bjelken i vårt eige auga? Det er tid for Invasjon!

SPELEPLAN

FØRDE, TEATERSALEN Première

14. oktober kl 18:00

DALE, FJALERHALLEN

18. oktober kl 19:00

FLORA SAMFUNNSHUS

20. oktober kl 19:00

ÅHEIM, OLIVINHALLEN

24. oktober kl 19:00

SANDANE, TRIVSELSHAGEN

30. oktober kl 19:00

HØYANGER SAMFUNNSHUS

6. november kl 19:00

VIK, BLIXHALLI

7. november kl 19:00

SOGNDAL KULTURHUS

8. november kl 19:00

ÅRDAL KULTURHUS

10. november kl 19:00

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Turné i samarbeid med Den kulturelle skulesekken på ungdomsskular i Sogn og Fjordane (8.-10. klasse).

Vassenden, Stryn, Åheim, Nordfjordeid, Sandane, Måløy, Bremanger, Svelgen

BILLETTAR

softeater.no/billettar

AV
**JONAS HASSEN
KHEMIRI**

OMSETJING
**KRISTIN AUESTAD
DANIELSEN**

REGI
FRODE GJERLØW

KOSTYME/SCENOGRAFI
FRODE GJERLØW

LYSDESIGN
KRYSTIAN MYSKA

MEDVERKANDE
**IDUN LOSNEGÅRD
KADIR TALABANI
REIDUN MELVÆR BERGE
STIAN ISAKSEN
THOMAS BIPIN OLSEN**

TEATERFORLAGET COLOMBINE



Stian Isaksen



Idun Losnegård



Kadir Talabani



Reidun Melvær Berge



Thomas Bipin Olsen



Frode Gjerløw
Regissør

TEATERÅRET 2017



MIRIAM SI FORTELJING – Juleevangeliet

I mange av kyrkjene i Sogn og Fjordane kan vi også denne adventstida høre den to tusen år gamle historia på nytt. I Håvard Rem sin tekst er det Miriam, søstera til Josef og ei kvinne av folket, som fører ordet. Gjennom henne kjem ein ikkje berre tett innpå menneska og omstenda rundt Jesu fødsel, men også dei urolege og spente tidene desse menneska levde under.

Première 25. november.



SKOMAKARENS DRAUM


Skomakarenens draum er eit gjestespel frå Hordaland Teater som kjem på besøk i veke 42 og 43. Her blir det framsyningar i Førde, Florø, Gaular og Sogndal. Dette er ei klassisk, fin figurteaterframsyning der det oppstår ulike kjensler og dramatikk – alt formidla utan ord, i eit poetisk og vakkert formspråk.



EVENTYRROMMET

Eventyrrrommet legg ut på ein liten miniturné i veke 42, 43 og 44. Då tek skodespelar Kyrre Eikås Ottersen med seg eventyret «Nordavinden» frå Asbjørnsen og Moe på tur. Det er mange barnehagar som får besøk desse vekene, i tillegg til at det også er nokre opne framsyningar.

FØLG OSS PÅ:



Sjå softtheater.no for informasjon om dato og billettar

